

◆ Terapibadning til femti kroner timen

KNARVIK: 50 kroner timen for vaksne lagsmedlemer vert prisen for å bruka terapibassenget til Lindås Lærings- og utgreiingssenter i Knarvik, når det vert tatt i bruk etter opprusting. Det har Levekårsutvalet tilrådd for kommunestyret. Rådmannen hadde tilrådd ein sats på 250 kroner timen per lag. Ved utlån til brukarar frå andre kommunar vert prisen 500 kroner timen. Medlemene i utvalet fekk i møtet ei peiling på årleg driftskostnad for bassenget, og dei ønskte ikkje at satsane vert sette for høge i høve til dette. Levekårsutvalet ber elles administrasjonen gå i dialog med fysioterapeutar med driftsavtale, for å få behandling etter honorartakst for revmatiskarar i Lindås kommune fem gonger for veka. Desse leigetimane vert betalte av kommunen.

◆ Nabo kan få kjøpa kaien

EIKANGER: Ein nabo som har søkt om det, kan få kjøpa den kommunale kaien på Eikanger. Det har eit fleirtal på åtte i formannskapet gått inn for. Grunneigaren ved kaien kan få kjøpa til marknadspris. Dersom vedkommande takkar nei, vert kaien seld til høgstbydande, lyder tilrådinga, som vart lagt fram av Bjarte Vatnøy (Frp). Leif Sleire (H) støtta rådmannen sitt framlegg om å selja kaien til høgstbydande. Saka skal endeleg avgjerast i kommunestyret komande torsdag.

◆ Frårår veg til hytte

GULEN: Det er søkt om løyve til å byggja ein 300 meter lang veg fram til ei hytte på Grima. Men Fylkesmannen i Sogn og Fjordane går sterkt imot at det skal gjevast slikt løyve. Det vert vist både til at vegen vil liggja i 100-metersbeltet frå sjø, og at han vil liggja like i utkanten av eit myrreservat.



TILSETT: Ida Dyrkorn Heierland tek til på Sletta i midten av april.

(Foto: Privat)

Utvandringssenteret har fått dagleg leiari

steinalder, som ligg 10.000 år tilbake og er den eldste steinalderen i Noreg.

Formidling

Etter utdanninga har Dyrkorn Heierland jobba mykje med formidling, mellom anna ved Kystmuseet i Florø, der ho var formidlingsleiari i halvtanna år.

– Eg var ferdig i den stillinga til jul i fjor, og har sidan det jobba med kystmuseet si markering av at Florø er 150 år i 2010, seier Dyrkorn Heierland, som denne veka er på vinterferie «heime» på Austlandet.

Erfaringa innan formidling vil ho ta med seg til jobben på Vestnorsk Utvandringscenter (VUS).

– Dei har jobba mykje med formidling, og eg ser at det framleis er eit stort potensial. Det er mykje å henta mellom anna på undervisningsopplegg for born og unge.

– Spannende

Utvandringssenteret har i dag ei kyrkje flytt frå USA til Sletta, ein liten «landsby» med både rådhus, skule og fengsel, og eit omfattande arkiv med opplysningar over dei som utvandra frå Noreg til Amerika.

Vidare har det ei tid vorte jobba med ei utviding av senteret, med tankar om eit eige bygg for formidling.

– Eg er kjent med at det er veldig mange spennande planar for VUS, og

gler meg til å ta fatt på oppgåvene, saman med leiinga i Museumssenteret Hordaland og dei frivillige på Radøy.

Organisatorisk er utvandringscenteret no innunder Museumssenteret Hordaland, som har sitt hovudkontor i Salhus.

Frivillige

Utvandringssenteret er bygd opp med ein stor innsats frå frivillige krefter, heilt frå flyttinga av kyrkja frå Brampton i Nord-Dakota til Sletta. Kyrkja vart opna på Sletta i juli 1997, og i tida etter er senteret vidare bygd ut.

– Det har vore eit enormt frivillig engasjement, og det berre viser kva ein kan få til når folk engasjerer seg, seier Dyrkorn Heierland.


Ho er oppteken av å ta vare på dette engasjementet.

– Eg har sjølv erfart andre stader kor viktig slikt frivillig arbeidet er.

Pendla frå Bergen

Medan ho jobba i Florø, var Dyrkorn Heierland vekependlar frå Bergen. No vert ho dagpendlar, i alle fall frå starten.

– Medan eg jobba i Florø budde eg på Kinn, saman med elleve andre. Etter det vert vel nesten Sletta ein storby for meg, seier Ida Dyrkorn Heierland, som ikkje avviser at ho flyttar nærare jobben med tida.



Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Dyrkorn Heierland (28) tek til i jobben i midten av april, og gler seg til å ta fatt på arbeidet ved senteret.

– Eg held på å orientera meg meir om dette emnet, og trur det vert veldig spennande å jobba ved Vestnorsk Utvandringscenter, seier Ida Dyrkorn Heierland.

Ho er opphavleg frå Skarnes i Odalen, men har dei siste ti åra vore busett i Bergen, i samband med studiet ved Universitetet i Bergen.

– Eg er utdanna arkeolog med politisk arkeologi som spesialfelt, seier Dyrkorn Heierland. Ho har også sosialantropologi og kulturvitenskap i fagkrinsen.

Etter to rundar med feltarbeid i Sudan vart ho ferdig med mastergraden våren 2008.

– Eg har også fordjupa meg i vestnorsk